

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - Q80, FE - 233	17/293

Saknr	Utval	Type	Dato
061/2017	Formannskapet	PS	13.06.2017
033/2017	Kommunestyret	PS	22.06.2017

Prosjekt punktutbetring langs fylksveg 570 på strekninga Mjanger - Kvamme

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Utbetringpunkt_FV570	29.03.2017
20170329160915	29.03.2017
20170329160854	29.03.2017
Svar på søknad om tilskot til punktutbetring og trygge skuleveggar - 2017	02.05.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd inntil krone 500.000,- eks. mva. til punktutbetringar langs fylkesveg 570.

Tiltaket og kommunal finansieringsdel vert finansiert med låneopptak.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Ved fylkestinget si handsaming av sak PS 91/2016 *Årsbudsjett 2017/økonomiplan 2017-2020* den 13. desember 2016 vart det gjort slikt vedtak:

Punktutbetringar av vegnett og sikre skuleveggar

Vedlikehald og punktutbetringar på fylkesvegane skal aukast og midlane skal prioritarast slik at ein sikrar tryggare skuleveggar.

Det vart sett av 20 millionar kroner.

Fylkestinget vedtok i mars 2017 at midlane i sin heilskap vert gjort til ei tilskotsordning for kommunane med søknadsfrist 1. april 2017. Innan fristen kom det inn 38 søknader frå totalt 23 kommunar. Søknadssummen var på 58,3 mill. kr. Masfjorden kommune sende inn søknad til fylkeskommunen den 29.03.2017 og la då inn 18 definerte punkt som ein ønskte utbetring på, sjå vedlagde kart. I søknaden la kommunen opp til at tiltaka skal vera ferdig innan 01.10.2018 og

oppstart i oktober 2017. Bakgrunnen for dei 18 utvalde punkta var synfaringar og ein rapport frå Statens Vegvesen om strekningsvise utgreiingar, samt drøftingar med fagpersonar innanfor entreprenørbransjen. I søknaden vart det søkt om 4 millionar kroner og det vart lagt inn at kommunen ønskjer å gå inn med ein eigenandel på maksimum 20 % av totalkostnaden.

Sjølve søknaden frå Masfjorden vert lagt ved, og denne viser stipulerte kostnader knytt til alle dei 18 punkta.

Utval for miljø og samferdsel (MISA) fekk ansvaret for midlane, og gjorde i sitt møte den 20. april vedtak om å gje tilsegn om tilskot på 20 millionar kroner til prosjekt i 13 kommunar. Masfjorden kommune fekk tilsegn på kroner 2 millionar til punktutbetring av 18 punkt langs fylkesveg 570 på strekninga Mjanger til Kvamme.

Ein legg ved brevet frå Hordaland fylkeskommune dagsett 27. april, som viser heile vedtaket som vart gjort i samband med tildelinga, og som syner kva krav fylkeskommunen set til tiltaka, og kva krav denne instansen har til prosessen vidare i kommunen.

Vurdering:

Rådmannen vil vise til at det er kommunen som er ansvarleg for gjennomføringa, og at dette må skje i nært samarbeid med Statens Vegvesen. Punktutbetringane må vera ferdig i løpet av 2018, og det vil verta krevjande for administrasjonen å styra dette prosjektet. Kommunen vert og ansvarleg for kostnadane, og vil som byggherre også ha eit utvida ansvar for at arbeidet skjer både forsvarleg og i samsvar med dei krav Statens Vegvesen sit for slikt vegarbeid, og for korleis arbeidet skal slutførast og dokumenterast til slutt før ferdigstilling kan skje. Det skal og vera underskrivne gjennomføringsavtalar før oppstart etter Statens Vegvesen sin mal, og eventuelle nedleggingar av kablar og røyr m.m. må godkjennast av same etat. I tillegg vert kommunen ansvarleg for alle grunnverv og for prosjektering/ byggjeplanlegging, og at det vert sendt arbeidsvarslingsplan som skal godkjennast før byggjestart.

Tilskotssummen vert først utbetalt når prosjekta er ferdigstilt, og det betyr at kommunen må halda løpande likviditet. Sidan tilskotet vart redusert til 2 millionar kroner meiner rådmannen at kommunen sitt bidrag bør vera på inntil 20 % av dette, slik søknaden la opp til, og at kommunen sitt bidrag difor vert avgrensa til inntil krone 500.000,-. Kostnader til prosjektering, lagning av tilbodsdocument m.v. samt interne administrative kostnader må og gå inn i denne totale summen, på krone 2,5 millionar, slik at alle kostnader vert ført på prosjektet.

I medhald av reglement for investeringsprosjekt i Masfjorden kommune vil rådmannen så snart vedtak er fatta i kommunestyret oppnemna ei prosjektgruppe med prosjektleiar, og ei administrativ styringsgruppe. For å sikra at budsjettet på krone 2,5 millionar vert halde vil det vera viktig at prosjektleiar får det fulle og heile ansvaret, og at vedkomande rapporterer til den administrative styringsgruppa før alle viktige avgjerder vert teke, samt fører løpande loggbok over avgjerder slik reglementet også seier.

Det må tidleg avklarast kva som er realistisk å få inn av utbetningspunkt innanfor denne kostnadsramma, og anbudsdocumenta må utformast slik at ein kan trekkja ut einskild punkt om ramma står i fare å verta overskriden.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at det vert løyvd inntil krone 500.000,- eks. mva. til punktutbetringar langs fylkesveg 570. Tiltaket og kommunal finansieringsdel vert finansiert med låneopptak.

Formannskapet - 061/2017**FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Rådmannen la fram følgjande endring i siste setning i framlegg til vedtaket:

Tiltaket og kommunal finansieringsdel vert finansiert gjennom driftsbudsjettet.

Framlegg til vedtak med endringa frå rådmannen lagt fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Det vert løyvd inntil krone 500.000,- eks. mva. til punktutbetringar langs fylkesveg 570.

Tiltaket og kommunal finansieringsdel vert finansiert gjennom driftsbudsjettet.

Kommunestyret - 033/2017**KS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Det vert løyvd inntil krone 500.000,- eks. mva. til punktutbetringar langs fylkesveg 570.

Tiltaket og kommunal finansieringsdel vert finansiert gjennom driftsbudsjettet.

